

Medverknad – kommuneplanen sin arealdel

Einingane Helse og Pleie og omsorg

Medverknad fordi

- Dei tilsette si erfaring er ein viktig ressurs
- Framskaffe betre grunnlag for avgjersler
- Utvikle eit felles ansvar

Kva er hensikta med kommuneplanen sin arealdel?

Kommuneplanen sin arealdel seier noko om kor utviklinga i kommunen skal skje. Arealdelen inneholder kart, føresegn og retningslinjer som skal leggast til grunn for meir detaljert planlegging.

Arealdelen bestemmer korleis vi vil bruke og utvikle de ulike områda i kommunen: Kvar vil vi bygge nye bustadar? Kva for område bør bli utvikla først? Kvar skal det vere kultur- og tjenestetilbod, handels- og næringsverksemd? Kvar skal det vere grøntområde? Korleis skal vi best mogleg ta vare på natur og landbruksområda i kommunen? Og korleis skal vi kome oss rundt mest mogleg effektivt og miljøvenleg?

Målsetting for kommunen som tenesteytar

- Kommunen skal vere tilgjengeleg for alle, mest mogleg utan spesiell tilrettelegging.
- Det skal vere arenaer for fysisk aktivitet og møteplassar i alle nærområde (til bustadområde, kommunale tenester).
- Det skal vere kort avstand mellom tenestene og grøntareal og sikre god tilgang til strandområda.

CASE

Ta utgangspunkt i din arbeidsplass og arbeidskvardag.

Tenk bebuarar/pasientar og trivsel/aktivitet.

Tenk tilgang til og bruk av nærområdet på ein aktiv og trygg måte.

Er det område/areal som bør sikrast, endre bruk eller bli tilrettelagt for aktivitet?

Eksempelvis nybygg (eks. gapahuk), friområde (eks. bevare tilgang til område som blir nytta eller de ønskjer å nytte) eller anna....?

Gjennomføring

Bruk kartet aktivt. Skriv på merknadar på kartet og/eller merk område på kartet med nr og vis til nr i skildring av ønska tiltak/bruk.

Sjå vedlegg 1 for kva for arealformål som er gyldige i arealdelen. Bruk lista for å sjå kva for type bruk som er aktuell, men spesifiser gjerne kva for tiltak/bruk de ønskjer.

OBS! Nr 4 og 5 er uaktuelle for dykk.

Liste over arealformål (dvs. type bruk av område/areal) som er definert for arealdelen

Arealformål i kommuneplanen sin arealdel (frå plan- og bygningslova)

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise arealformål som er angitt i nr. 1 til 6. Hovedformålene kan etter behov inndeles i angitte underformål.

Arealformål:

1. Bebyggelse og anlegg.

Underformål:

boligbebyggelse, fritidsbebyggelse, sentrumsformål, kjøpesenter, forretninger, bebyggelse for offentlig eller privat tjenesteyting, fritids- og turistformål, råstoffutvinning, næringsbebyggelse, idrettsanlegg, andre typer anlegg, uteoppholdsarealer, grav- og urnelunder.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Underformål:

veg, bane, lufthavn, havn, hovednett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplasser, traséer for teknisk infrastruktur.

3. Grønnstruktur.

Underformål:

naturområder, turdrag, friområder og parker.

4. Forsvaret. UAKTUELL

Underformål:

ulike typer militære formål.

5. Landbruks-, natur- og friluftsformål. UAKTUELL

Underformål:

- a. areal for nødvendige tiltak for landbruk og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdenes ressursgrunnlag,
- b. areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone.

Underformål:

ferdsel, farleder, fiske, akvakultur, drikkevann, natur- og friluftsområder.